

Lett tur rundt Bergsjøen



Rundtur i Bergsjøområdet der du følger stigen rundt Bergsjøen. Ca 8 km i lett terreng og med god utsikt mot Reineskarvet i nord. I austre enden av Bergsjøen kan du ta ein avstikker ned forbi Revtjern og ut på Storeberget. Der er det fantastisk utsikt over Vats med ca 300 høgdemeter ned. Også flott utsikt om du tek ein avstikker til Vardehovda (1129 moh) litt lenger vest, bruk kart. Gode moltemyrer og mykje blåbær i tregrensa i sesongen. Rasteplassar fleire stader langs Bergsjøen.

Kombiner gjerne turen med fiske i Bergsjøen, Revtjern og Damtjern, fiskekort er å få kjøpt bl.a. på Bergsjøstølen. Bergsjøstølen har og utleige av sykklar, kano, kajakk og robåt. Alt ligg derfor godt til rette for å kombinere vandring med andre aktivitetar i Bergsjøområdet. Sjå detaljert informasjon i Bergsjøområdet sin sommarbrosjyre.



Foto: Thorgeir Røer



For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet, 1:50 000



Fylkesveg 244 (Nordbygdvegen) gjennom Vats og til Bergsjø.



Flott utsikt over Vats frå Storberget, og mot Nordfjella frå Vardehovda



P På parkeringsplass ved Bergsjøtoppen eller Bergsjøstølen.



Ca 8 km i lett terreng.
Ca 2 timar. 1080–1100 moh.



Skilta og merka, dette er tur nr. 4 i Bergsjøområdet.

